



Pbl (private Barnehagers Landsforbund)  
Prinsens gate 91  
8003 BODØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2157 - 18/13328

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

19.06.2018

## Svar på søknad om å få dekka ekstra pensjonsutgifter i 2017

Meland kommune viser til søknad av 11. September 2017 om dekning av ekstra pensjonsutgifter opp til kr 24.517,62,- for Læringsverkstedet Maurtua barnehage AS.

**Vedtak: Læringsverkstedet Maurtua barnehage A/S får ikkje dekka ekstra pensjonsutgifter dei har søkt om.**

### Opplysningar i saka:

PBL Private barnehagers landsforbund søker på vegne av barnehagen. I søknaden er det lagt ved dokumentasjon på pensjonsutgiftane.

I følgje søknaden er dette :

- 1.informasjon frå forsikringsselskapet Storebrand
- 2.Dokumentasjn av barnehagens pensjonspremie for 2015
- 3.Dokumentasjon av dei tilsette si eigenandel for 2015
- 4.Dokumentasjon av AFP-kostnader for 2015.

I følgje søknaden er dette :

- 1.informasjon frå forsikringsselskapet Storebrand
- 2.Dokumentasjn av barnehagens pensjonspremie for 2015
- 3.Dokumentasjon av ansattes eigenandel for 2015
- 4.Dokumentasjon av AFP-kostnader for 2015.

### Saksutgreiing:

I forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar § 4 fjerde ledd står det «Private barnehagar som har vesentleg høyere pensjonsutgifter enn det som blir dekket gjennom påslaget, har etter søknad krav på å få dekket pensjonsutgiftene.»

Plikten til kommunen er begrenset oppad til kommunen sin pensjonsutgift per heiltidsstilling i eigne tilsvarande barnehagar. Barnehagen har krav på dekket pensjonsutgiftene dersom den har brukt vesentlig meir på pensjon per heltidsstilling enn det som dekkes gjennom tilskuddet frå kommunen.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Årsrekneskapen for 2015 frå barnehagen viser eit vesentleg lågare beløp for pensjonskostnad (artskonto 5945) enn det ein legg til grunn i søknaden. Det framgår ikkje av søknaden kva dette skuldast. Om verksemda til dømes velgjer å betale inn ekstra beløp til premiefond utover det som er påkrevd, kan ikkje dette inngå i berekninga av pensjonsutgifter.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Med utgangspunkt i pensjonskostnader rapportert i årsrekneskapen for 2015 kan vi ikkje sjå at barnehagen har høgare pensjonsutgifter enn det som allereie er dekkja innanfor det ordinære tilskotet. Søknaden kan følgjeleg ikkje godkjennast.

Dette er eit enkeltvedtak, etter forvaltningslova, heimla i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §4, første og andre ledd. De kan klage på vedtaket etter forvaltningslova §28 og §29. De har rett til innsyn i saka etter § 18 og § 19 i Forvaltningslova.

Klagefrist er tre veker frå motteke svar.

Klagen vert sendt til Meland kommune. Dersom klagen ikkje vert teken til følge er Fylkesmannen i Hordaland endeleg klageinstans.

Med helsing

Martin W. Kulild  
Rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Pbl (private Barnehagers  
Landsforbund)

Prinsens gate 91 8003

BODØ